

# SKRIFTLESINGAR VED VIGSEL

**L** Lat oss vidare høyra frå Guds ord.

2-4 av dei følgjande tekstane eller andre høvelege skriftlesingar, minst éi frå kvart av dei to testamenta.  
Skriftlesingane kan lesast av medlemmer av bryllaupsfølget.  
Dei som skal lesa, går samla fram til lese-pulten.

Brudepar og kyrkjelyd sit under lesinga.

**A** Det står skrive i Salmane, Salme 23:

Herren er min hyrding,  
det vantar meg ingen ting.

Han lèt meg liggja i grønne enger;  
han fører meg til vatn der eg finn kvile,  
og gjev meg ny kraft.

Han leier meg på dei rette stigar  
for sitt namn skuld.

Om eg så går i dødsskuggens dal,  
ottast eg ikkje for noko vondt.

For du er med meg.  
Din kjepp og din stav, dei trøystar meg.

Du dukar bord åt meg  
framfor augo på mine fiendar.

Du salvar mitt hovud med olje;  
mitt staup fløder over.

Berre godleik og miskunn skal fylgja meg alle mine dagar,  
og eg skal bu i Herrens hus i lange tider. Salme 23

**B** Det står skrive i Salmane, Salme 36:

Herre, til himmelen når di miskunn,  
til skyene rekk din truskap.

Di rettferd er som mektige fjell,  
som det store havdjup er dine domar.

Du bergar menneske og dyr.  
Herre, kor dyrverdig di miskunn er!

I skuggen av dine venger, Gud, søkjer menneskeborna livd.  
Dei får eta seg mette av det beste i ditt hus,  
du lèt dei drikka or gledebekken din.

For hjå deg er livsens kjelde,  
i ditt ljøs ser vi ljøs. Sal 36,6-10

**C** Det står skrive i Salmane, Salme 91:

Den som sit i livd hjå Den Høgste  
og bur i skuggen av Den Allmektige,

han seier til Herren: «Mi livd og borg,  
min Gud, som eg set mi lit til!»

Med sine fjører løyner han deg,  
under hans venger finn du livd.  
Hans truskap er skjold og vern.

For du seier: «Herren er mi livd.»  
Den Høgste har du gjort til din bustad. Salme 91,1-2.4.9

**D** Det står skrive i Salmane, Salme 100:

Lat hyllingsrop lyda for Herren, all jorda!  
Ten Herren med glede,  
kom fram for han med fagnad!

Skjøn at Herren er Gud!  
Han har skapt oss, ikkje vi sjølve,  
til sitt folk og til den hjord han gjæter.

Gå gjennom hans portar med takkesong,

inn i hans tempelgardar med lovsong!  
Lov han og pris hans namn!

For Herren er god,  
hans miskunn er evig,  
hans truskap varer frå ætt til ætt. Sal 100

**E** Det står skrive i Salmane, Salme 103:

Mi sjel, lov Herren!  
Ja, alt som i meg er, skal lova hans heilage namn.

Mi sjel, lov Herren,  
gløym ikkje alle hans velgjerningar!

Han tilgjev all di skuld  
og lækjer all din sjukdom.

Han friar ditt liv frå grava  
og kronar deg med godleik og miskunn.

Han fyller ditt liv med det som godt er,  
og gjer deg ung att som ørna. Sal 103,1-5

**F** Det står skrive i Høgsongen, i kapittel 2:

Min ven er som gasellen,  
han liknar den unge hjort.  
Sjå, der står han bortmed husveggen;  
han glytter inn gjennom gluggen  
og ser inn mellom sprinklane.  
Min ven tek til ords og seier:  
Stå opp, min hugnad!  
Kom ut, mi fagre møy!  
Du, mi due på berghylla,  
i livd under flogbratte fjell,  
lat meg få sjå din skapnad,  
lat meg få høyra ditt mæle!  
For di røyst er så mjuk  
og din skapnad så fager. Høgs 2,9-10a.13b-14

**G** Det står skrive i Høgsongen, i kapittel 2 og 8:

Denne lesinga kan lesast av éin tekstlesar eller av kvinne (I) og mann (II).

*I*

Høyr, det er min ven!  
Sjå der, han kjem springande over heiane,  
hoppande over haugane.  
Min ven er som gasellen,  
han liknar den unge hjort.  
Sjå, der står han bortmed husveggen;  
han glytter inn gjennom gluggen  
og ser inn mellom sprinklane.  
Min ven tek til ords og seier:

*II*

Stå opp, min hugnad!  
Kom ut, mi fagre møy!  
For sjå, vinteren er til endes,  
regnet har kvorve.  
Blomane sprett på vollane;  
songtida er komen,  
og turteldua kurrar i landet.  
Frukta på vintreet raudnar,  
og det angar av vintre i blom.  
Stå opp, min hugnad!  
Kom ut, mi fagre møy!  
Du, mi due på berghylla,  
i livd under flogbratte fjell,  
lat meg få sjå din skapnad,  
lat meg få høyra ditt mæle!  
For di røyst er så mjuk  
og din skapnad så fager.

*I*

Min ven er min, og eg er hans,  
han som gjæter mellom liljer.  
Når dagen svalnar og skuggane flyr,  
kom att, min ven!  
Fly som gasellen og den unge hjort  
over balsam-angande fjell!

*I/II*

Set meg til eit segl på ditt hjarta,  
eit segl på din arm!  
For kjærleiken er sterk som døden  
og mektig som dødsriket i si trå.

Han brenn som logande eld,  
han logar mot himmelen.  
Vassflaumar kan ikkje sløkkja kjærleiken,  
elvar kan ikkje fløyma han bort.

Høgs 2,8-14.16-17 + 8,6-7a

**H** Det står skrive i Høgsongen, i kapittel 8:

Set meg til eit segl på ditt hjarta,  
eit segl på din arm!  
For kjærleiken er sterk som døden  
og mektig som dødsriket i si trå.  
Han brenn som logande eld,  
han logar mot himmelen.  
Vassflaumar kan ikkje sløkkja kjærleiken,  
elvar kan ikkje fløyma han bort.

Høgs 8,6-7a

**I** Det står skrive hjå evangelisten Matteus i det 5. kapittel:

Jesus sa: De er saltet på jorda! Men mister saltet si kraft, kan det då verta til salt att? Det duger ikkje lenger til noko; folk kastar det ut og trakkar det ned.

De er ljuset i verda! Ein by som ligg på eit fjell, kan ikkje døljust. Ingen kveikjer eit ljøs og set det under eit kar, men i staken; då lyser det for alle i huset. Såleis skal ljuset dykkar lysa for folk, så dei kan sjå dei gode gjerningane dykkar og prisa Far dykkar i himmelen!

Matt 5,13-16

**J** Det står skrive hjå evangelisten Matteus i det 6. kapittel:

Jesus sa: Syt ikkje for livet dykkar, kva de skal eta og kva de skal drikka, eller for kroppen dykkar, kva de skal kle dykk med. Er ikkje livet meir enn maten og kroppen meir enn kleda? Sjå på fuglane under himmelen! Dei sår ikkje, dei haustar ikkje og samlar ikkje i hus, men Far dykkar i himmelen føder dei likevel. Er ikkje de mykje meir enn dei? Kven av dykk kan med all si sut leggja ei einaste alen til livslengda si? Og kvifor syter de for kleda? Sjå liljene på marka, korleis dei veks! Dei arbeider ikkje og spinn ikkje, men eg seier dykk: Ikkje eingong Salomo i all sin herlegdom var kledd som ei av dei. Når Gud såleis kler graset på marka, det som står i dag og vert kasta i omnen i morgon, kor mykje meir skal han ikkje då kle dykk, de lite truande!

Så må de ikkje syta og seia: Kva skal vi eta? eller: Kva skal vi drikka? eller: Kva skal vi kle oss med? For alt det spør heidningane etter; men Far dykkar i himmelen veit at de treng alt dette. Søk fyrst Guds rike og hans rettferd, så skal de få alt det andre attåt. Så syt ikkje for morgondagen; lat morgondagen syta for seg. Kvar dag har nok med si møde. Matt 6,25-34

**K** Det står skrive hjå evangelisten Matteus i det 7. kapittel:

Jesus sa: Bed, så skal de få. Leita, så skal de finna. Banka på, så skal det verta opplate for dykk. For kvar den som bed, han får; og den som leitar, han finn; og den som bankar på, for han vert det opplate. Alt det de vil at andre skal gjera mot dykk, det skal de òg gjera mot dei. For så er lova og profetane. Matt 7,7-8.12

**L** Det står skrive hjå evangelisten Matteus i det 7. kapittel:

Jesus sa: Den som høyrer desse orda mine og gjer etter dei, han er lik ein klok mann som bygde huset sitt på fjell. Regnet silte, elvane fløynde, og vindane bles og slo mot huset. Men det fall ikkje, for det var tufta på fjell. Matt 7,24-25

**M** Det står skrive hjå evangelisten Johannes i det 15. kapittel:

Jesus sa: Som Faderen har elska meg, har eg elska dykk. Ver i min kjærleik! Held de boda mine, er de i min kjærleik, liksom eg har halde boda til Far min og er i hans kjærleik. Dette har eg tala til dykk så mi glede kan vera i dykk, og gleda dykkar kan vera fullkomen. Og det er bodet mitt: De skal elska kvarandre som eg har elska dykk.

[Ingen har større kjærleik enn den som gjev livet sitt for venene sine. De er venene mine så sant de gjer det eg byd dykk. Eg kallar dykk ikkje tenarar lenger, for tenaren veit ikkje kva herren hans gjer. Eg kallar dykk vener, for eg har sagt dykk alt eg har høyrte av Far min. De har ikkje valt ut meg, men eg har valt ut dykk og sett dykk til å gå ut og bera frukt, frukt som varer. Då skal Faderen gje dykk alt de bed om i mitt namn. Dette er det eg byd dykk: De skal elska kvarandre!] Joh 15,9-12[-17]

**N** Det står skrive i Paulus' brev til kyrkjelyden i Rom i det 8. kapittel:

Eg er viss på at korkje død eller liv, korkje englar eller krefter, korkje det som no er eller det som koma skal, eller noka makt, korkje det som er i det høge eller i det djupe, eller nokon annan skapning skal kunna skilja oss frå Guds kjærleik i Kristus Jesus, vår Herre. Rom 8,38-39

**O** Det står skrive i Paulus' fyrste brev til kyrkjelyden i Korint i det 13. kapittel:

Ein kan anten lesa heile kapitlet eller eit utdrag.

Eg skal visa dykk den beste vegen: Om eg talar med mennesketunger og engletunger, men ikkje har kjærleik, då er eg ein ljomande malm eller ei klingande bjølle. Om eg har profetgåve og kjenner alle løyndomar og eig all kunnskap, og om eg har all tru, så eg kan flytta fjell, men ikkje har kjærleik, då er eg ingen ting. Om eg gjev alt eg eig til mat for dei fattige, ja, om eg gjev meg sjølv til å brennast, men ikkje har kjærleik, då gagnar det meg ingen ting.

Kjærleiken er langmodig, kjærleiken er velviljug, han misunner ikkje, briskar seg ikkje, blæs seg ikkje opp. Kjærleiken gjer ikkje noko usømeleg, han søkjer ikkje sitt eige, harmast ikkje, gøymer ikkje på det vonde. Han gleder seg ikkje ved urett, men gleder seg ved sanninga. Alt held han ut, alt trur han, alt vonar han, alt toler han.

Kjærleiken fell aldri bort. Profetgåvene skal få ende, tungene skal tagna, og kunnskapen skal ta slutt. For vi skjønar stykkevis og talar profetisk stykkevis. Men når det fullkomne kjem, skal det som er stykkevis, få ende. Då eg var barn, tala eg som eit barn, tenkte eg som eit barn, dømde eg som eit barn. Men då eg vart mann, la eg av det barnslege. No ser vi som i ein spegel, i ei gåte; men då skal vi sjå åsyn til åsyn. No kjenner eg stykkevis, men då skal eg kjenna fullt ut, liksom eg fullt ut er kjend av Gud. Så vert dei verande desse tre: tru, von og kjærleik. Og størst av dei er kjærleiken. 1 Kor 13

**P** Det står skrive i Paulus' brev til kyrkjelyden i Efesos i det 3. kapittel:

Eg bøyer mine kne for Faderen, han som har gjeve namn til alt som heiter far og born i himmel og på jord. Eg bed om at han som er så rik på herlegdom, må styrkja dykkar indre menneske med si kraft og sin Ande, så Kristus ved trua kan bu i hjarto dykkar, og de kan vera rotfeste og grunnfeste i kjærleik. Då skal de saman med alle dei heilage maktast å fatta breidd og lengd, høgde og djupn, ja, kjenna heile Kristi kjærleik, som er større enn nokon kan skjønna, og verta fylte med all Guds fullnad. Han som verkar i oss med si kraft og kan gjera så mykje meir enn alt det vi bed om og skjønar, han skal ha ære i kyrkjelyden og i Kristus Jesus gjennom alle ætter og i alle æver! Amen. Ef 3,14-21

**Q** Det står skrive i Paulus' brev til kyrkjelyden i Filippi i det 2. kapittel:

Når det no er trøyst i Kristus, kveik i kjærleiken, samfunn i Anden, og så sant det finst medkjensle og miskunn, så gjer mi glede fullkomen: Ver samlyndte, hald saman i kjærleik, ver eitt i hug og tanke. Gjer ikkje noko av sjølvhending eller lyst til tom ære, men ver audmjuke og set dei andre høgare enn dykk sjølve. Tenk ikkje berre på det som gagnar dykk sjølve, men tenk òg på det som gagnar dei andre. Lat det same huglaget vera i dykk som òg var i Kristus Jesus! Fil 2,1-5

**R** Det står skrive i Paulus' brev til kyrkjelyden i Filippi i det 4. kapittel:

Gled dykk i Herren alltid! Atter vil eg seia: Gled dykk! Lat alle menneske få merka kor gode og milde de er! Herren er nær! Gjer dykk inga sut for noko! Men legg alt de har på hjarta, fram for Gud i bøn og påkalling med takkseing! Og Guds fred, som går over alt vit, skal vara

dykkar hjarto og tankar i Kristus Jesus. Elles brør: Alt som er sant, alt som er gjævt, alt som er rett, alt som er reint, alt som er verdt å elska og akta, all god gjerning og alt som rosverdig er, legg vinn på det! Fil 4,4-8

**S** Det står skrive i Paulus' brev til kyrkjelyden i Kolossæ i det 3. kapittel:

Kled dykk i inderleg medkjensle og godleik! Ver audmjuke, ta dykk ikkje sjølve til rettes, men ver tolsame, så de ber over med kvarandre og tilgjev kvarandre, om den eine har noko å klaga den andre for. Som Herren har tilgjeve dykk, skal de tilgje kvarandre. Og framfor alt, kled dykk i kjærleik, det bandet som bind saman og fullendar. Kol 3,12b-14

**T** Det står skrive i Johannes' fyrste brev i det 4. kapittel:

De kjære, lat oss elska kvarandre! For kjærleiken er frå Gud, og den som elsker, er fødd av Gud og kjenner Gud. Den som ikkje elsker, har aldri kjent Gud, for Gud er kjærleik. Og Guds kjærleik vart openberra mellom oss då han sende sin einborne Son til verda så vi skulle ha liv ved han. Kjærleiken er ikkje det at vi har elska Gud, men at han har elska oss og sendt Son sin til soning for syndene våre. De kjære, har Gud elska oss så, då er vi òg skuldige å elska kvarandre. Ingen har nokon gong sett Gud; men dersom vi elsker kvarandre, vert Gud verande i oss, og hans kjærleik har vorte fullenda i oss. 1 Joh 4,7-12